



Har kontroll på knutene

UNG 24



30 år med salt i sår

KULTUR 2

Gratis severdigheter? Dette er veldig slapt og atypisk av oss her på Sunnmøre

FREDAGSJESTEN 4



FREDAG

Sunnmørsposten

2 kultur & sport

07. mai 2010

smp.no



LYS. Forslag til opplyste fjellsider oppover mot Hornseten og Tverrfjellet over Fosnavåg hamn. Slikt kan danne grunnlag for eksempel for lysfestival, seier Dag Langve Sauge i tettstadprogrammet i Møre og Romsdal fylkeskommune

ALLE ILLUSTRASJONAR FRÅ BROSYRE OM LYSBY

Lysande framtid

Fosnavåg kan gå ei lysande framtid i møte som lysby.

TETTSTADUTVIKLING. Miljøverndepartementet driv no i samband med fleire statlege etatar eit samarbeid om belysing. Det har avdeling for tettstadutvikling i Møre og Romsdal fylkeskommune gripe fatt i, og Fosnavåg er utvalt.

– Fosnavåg er ein så spesiell plass ut frå dei naturgitte forutsetningane.

Dag Langve Sauge i tettstadprogrammet er begeistra. Han fortel at han har reist rundt i Møre og Romsdal i eit år no, og då han kom til Fosnavåg såg han straks at den nordvendte hamna kunne brukast til eit lysprosjekt.


– Eg såg den innerste vågen som verkar forsømt og ligg i skyggen – også bokstaveleg tala. Og eg tenkte at tenk om vi får lys på den fjellveggen.

Dag Langve Sauge seier han ser på hamna og Fosnavåg nærast som ein teatersal der fjella rundt er bakteppet og båtane er aktørar.

– Og eg har tru på at vi på ein rimeleg måte kan få til å gjere noko voldsomt morosamt med å lyssette denne vågen.

Framheve. Sauge trur det kan kome ei bølge av lysbyar no, men meiner at Fosnavåg er den beste lokaliseringa i Møre og Romsdal for eit slikt prosjekt.

– Det som er heilt spesielt med Fosnavåg er at i andre tettstader



Eg trur vi på ein rimeleg måte kan få til å gjere noko voldsomt morosamt

DAG LANGVE SAUGE

er dette berre eit morosamt tilskot og ein estetisk kvalitet, men i Fosnavåg meiner vi også at vi tek tak i det heilt grunnleggande for Fosnavåg og framhevar det.

Fosnavåg er ei naturleg hamn og namnet Fosnavåg betyr lun hamn. Gjennom alle tider har vågen vore ly for fiskebåtar. Gerhard Voldnes som var mellomkrigstidas Røkke hadde store fiskeanlegg og etterkvart også skipsverft i området som no kanskje skal lyssetast.

Forankre. For å forankre lysbyen i meir enn historia, tenkjer Sauge også på å bruke planane om lysby i formingsundervisninga i skulen. Studentar på lina for lysdesign ved Høgskulen i Buskerud er alt i gang med prosjektet.

Sauge seier tettstadutvikling tradisjonelt har hatt fokus på slikt som miljøgater og torg, beleggingsstein og planting, for å auke dei estetiske kvalitetane og drive identitetsbygging. Men no vil dei setje lys på det offentlege rom også på andre måtar.

Formannskapet i Herøy er positive til planane, men vil ha framlagt eit forprosjekt med kostnader før dei takkar endeleg ja.

Sauge seier dei fortsatt ikkje veit kva det vil koste.

– Men dette er noko som vil ha mykje større effekt med mindre kostnader enn sentrumsoppussing.

TORILL MYREN
torill.myren@smp.no